



SAMNANGER KULTURSKULE
5650 TYSSE
TLF: 970 33 206/ 56 58 74 08
www.samnanger.kommune.no



NYE ELEVAR søker om plass via internett: **FRIST 12.april**
Søknad om SKIFTE AV FAG via internett: **FRIST 12.april**
UTMELDING for neste skuleår via internett: **FRIST 12.april**



UNDERVISNINGSTILBOD SKULEÅRET 2019/2020

GJELD FOR BORN FRÅ 4. KLASSE / KORPSINSTRUMENT FRÅ 3.KL

Grunnkurs for alle 4.klassingane: Kulturskulen og grunnskulen samarbeider om dette tilbudet. Grunnkurset er ein del av musikkundervisninga på skulen. Opplæring i noteteori, blokkfløyte og samspel. INGA PÅMELDING!

Korpsinstrument: Kulturskulen har samarbeid med Samnanger skulemusikklag om instrumentopplæring. Tre ulike samspeelnivå: aspirantkorps, juniorkorps og hovudkorps. Det er best for eleven å halda fram med opplæring i kulturskulen samstundes som han/ho spelar i skulekorpset. Skulekorpset leiger ut instrument. **SØKJAR FÅR PRØVA ULIKE INSTRUMENT FØR ME AVGJER KVA HAN/HO FÅR SPELA!**

Messinginstrument: Kornett/trompet Valthorn Trombone Barytonhorn Tuba

Treblåseinstrument: Tverrfløyte Klarinett Saxofon

Slagverk: Undervisning i trommesett og perkusjon. Slagverkarane kan få plass i skulekorpset. Eleven må ha trommesett heime!

Piano/keyboard: undervisning på Samnanger barneskule

Kyrkjeorgel: Undervisning og øving i kyrkja på Ådland

Trekkspel: OBS! På grunn av ulike system, bør ein venta med å skaffa instrument til skulestart.

Gitar: Akkordspel/melodispel. Elevane kan også få spela bassgitar.

Ukulele: Det blir kurs for born og vaksne saman

Fiolin: Skulen leiger ut nokre ½ og ¾ - fiolinar.

Band/samspel: Elevane bør ha instrument sjølve og erfaring i å bruka dei.

Song: Me vil prøva å setja opp ein musikal dersom det er mange nok elevar.

Drama/teater: Elevane får setja opp eige teaterstykke evt musikal.

SKULEPENGAR HAUSTEN 2019 NB! Kommunestyret fastset dei kommunale avgiftene etter kalenderår. Skulepengane kan difor få ei auke frå årsskiftet.

Kontingent pr elevplass musikk og drama kr 1 275 pr halvår
Storgrupper meir enn 4 elevar - songopplæring kr 710 pr halvår
Instrumentleige kr 285 pr halvår

Søskenmoderasjon 30 % for 2. og evt. fleire born i same husstand.

Søskenmoderasjon gjeld berre for elevar under 18 år.

Administrasjon: Kulturskulerektor har det administrative ansvaret og einingsleiar for kultur har fått delegert det overordna ansvaret.

Målsetjing for Samnanger kulturskule er:

- å gje den enkelte elev best mogeleg høve til å utvikla sine musikalske og kunstnariske evner og anlegg
- å gje ei allmenn og praktisk opplæring i ulike musikk- og kulturuttrykk
- å leggja grunnlaget for eit rikt kulturliv i kommunen, ta vare på gamle lokale musikk- og kulturtradisjonar og utvikle nye
- å hjelpa til å gje eit positivt ungdomsmiljø ved å skapa grobotn for verdfulle og varige aktivitetar innan musikk og andre kulturelle uttrykk.

Elevinntak: Elevar vert tekne inn etter søknad til www.samnanger.kommune.no
Elevplassen gjeld for heile skuleåret til han blir sagt opp! Frist for skifte av fag eller utmelding for neste skuleår, er 12.april til www.samnanger.kommune.no

Undervisninga: Skuleåret har 39 veker. Skuleruta blir stort sett den same som for grunnskulen med omsyn til feriar, fridagar, planleggingsdagar m.m. Undervisninga blir for det meste desentralisert, og går for det meste føre seg ute på skulane (så langt det er mogeleg).

Kulturskulen får nytta rom og utstyr på skulane.

Aktivitetar utanom undervisninga: Kulturskuleelevane får høve til å ta del på ulike tilskipingar og konsertar. Me arrangerar jamleg tilskipingar på Samnangerheimen, me samarbeider med Pensjonistlaget. Me er ved fleire høve utom bygda med nokre av våre elevar; t.d. ”De unges festspilldag” i Bergen i mai.

Fordjupingsprogram /talentklasse: Særskilt interesserte elevar kan søkja om å ta fordjupingsprogram med dobbel undervisningstid. Det er også mogleg å søkja om plass i talentklasse i Bergen kulturskole. Desse elevane vert tekne inn etter prøvespel.

Skulepengane: Betalinga er på forskot. Innbetalinga skjer i starten på skuleåret og i starten på kalenderåret. Det vert ikkje gjeve frådrag i skulepengar for undervisningstimar som eleven ikkje har nytta seg av.


Ein mottteken plass er bindande og elevpengar må soleis betalast for heile året. Ved særskilde høve, etter søknad, kan skulepengar bli delvis refunderte.

Eleven/heimen sine plikter: Alle må møta presis til timane, vera godt budde og ha med seg det dei er pålagde til i undervisninga. Dersom eleven ikkje kan møta til time, må læraren få melding om dette. Dei føresette må sjølve syta for instrument til å øva på (**elevane må ha instrument heime!**) Samnanger skulemusikklag leiger ut blåseinstrument. Eleven/dei føresette må kjøpa det notematerialet som trengst.

Øving: For born som ønskjer å læra å spela, er det ein føresetnad for framgong at eleven øver jamt heime. Elevar som har spelt ei stund, bør øva opp mot minimum 30 min kvar dag, nybyrjarar noko mindre. Ein god regel er at det blir øvd litt same dagen, eller seinast dagen etter at ny lekse er gjeven. Då er det lettare å hugsa det læraren sa, og undervisninga blir meir effektiv. Dei føresette bør prøva å hjelpa eleven t.d. å ha ei fast øvingstid kvar dag dersom dette er mogeleg.

Orden: Dersom skulen har noko å seia på eleven si framferd, skal føresette få melding om dette. Ved undervisning på skulane pliktar elevane ved kulturskulen å fylgja skulen sine ordensreglar.

Tenk etter før du søker:



Kor mange ulike aktivitetar skal EG vera med i til hausten?

Vil eg greie å setja av tid til øving kvar dag?